

Lektorstudentar og elevar på vidaregåande sine haldningar til dialekt, tospråklegheit og aksentprega norsk

Ragnhild Lie Anderson
Universitetet i Bergen

Abstract

This article is a study of to what extent upcoming teachers, mainly in Norwegian, and upper secondary students agree or disagree on claims linked to how teachers and the school should act according to dialect, bilingualism and accented Norwegian. The claims are adopted from Lars Anders Kulbrandstad who carried out similar research among student teachers in 2007. Language attitudes as a topic is an important part of the competence objectives in the curriculum and therefore also something both teachers and students in upper secondary schools need to be aware of and have opinions about. The empirical material consists of replies from 308 respondents, 170 students from upper secondary and 138 upcoming teachers. The results show that both groups in general are positive towards these domains, but that upcoming teachers overall seem to be more positive both towards dialect, bilingualism and accented Norwegian compared to the pupils.

Keywords: language attitudes, dialect, bilingualism and accented Norwegian

1. Innleiing

Norske innbyggjarar er vande med å høyra ulike dialektar i alle samanhengar. I mangel på opplæring i standardisert tale, er det dessutan vanleg at eit unormert talespråk kan brukast på alle arenaer i livet. NRK har likevel hatt sine eigne språkreglar som seier at programleiarar i riksdekkande nyhendesendingar skal formidlast på normalisert nynorsk eller bokmål (Norsk Riksringkasting, 2015). Dei seinare åra har det likevel blitt lempa litt på krava. Frå januar 2010 fekk t.d. journalist Ingerid Stenvold, med Målselv-dialekt frå Troms, innvilga fritak frå denne regelen då ho starta som nyhendeanker i NRK. Me har også vorte vande med at dialekt vert brukt både i kyrkja, som t.d. under opplesing av juleevangeliet (Guttormsen, 2016) og blant politikarar på Stortinget. For både lærarar og elevar er det også vanleg at dei bruker den dialekten dei er oppvaksne med når dei kommuniserer med kvarandre munnleg på skulen. Opplæringslova § 2 – 5 (Kunnskapsdepartementet, 2023) støttar denne praksisen:

I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.

Det å vera tospråkleg er også blitt meir og meir vanleg i samfunnet vårt. Sidan læreplanen i 1997 (L97) har alle norske skuleborn hatt opplæring også i engelsk frå 1. klasse. Dessutan vert dei kjende med engelsk gjennom mange digitale flater frå tidleg alder. I tillegg til at norske born vert tospråklege med norsk og engelsk, har me også mange skuleelevar som veks opp med eitt eller fleire andre heimespråk som gjev dei ein tospråkleg eller fleirspråkleg kompetanse. Tal frå Statistisk sentralbyrå (2023) syner at per 1. januar 2023 var nesten 20 % av alle innbyggjarane i Noreg anten innvandrarar eller norskfødde med innvandrarforeldre. Språkblanding er såleis noko dei fleste får kontakt med og vil gjera seg tankar om. Forsking viser dessutan at det å vera tospråkleg, kan vera bra for hjernen og gje kognitive fordelar (Bludd, 2022; Vulchanova, M; Åfarli, Asbjørnsen, Vulchanova, V, 2015). Ettersom den norske populasjonen er blitt utvida med stor tilstrøyming av folk frå andre land og andre språk, er nordmenn i dag også blitt meir vande med å høyra norsk med utanlandsk aksent.

I denne artikkelen vil nettopp haldningar til både dialekt, tospråklegheit og aksentprega norsk bli tematisert. Ein av dei viktigaste møtestadene for språkleg utveksling, er i skulen. Her vil både elevar og lærarar koma i kontakt med og bli kjende med menneske med ulike språklege utgangspunkt og som snakkar norsk på ulike måtar. Det kan difor vera interessant å få kjennskap til korleis elevane ser på dette

© 2023 Ragnhild Lie Anderson. *Nordlyd* 47.2: 163–179, *Struktur, ideologi og mangfold*, redigert av Ragni Vik Johnsen, Carola Kleemann, Øystein A. Vangsnes & Maud Westendorp. Publisert ved UiT Noregs arktiske universitet. <http://septentrio.uit.no/index.php/nordlyd> <https://doi.org/10.7557/12.7074>

Dette verket er lisensiert under ein [Creative Commons “Attribution-NonCommercial 4.0 International”](#) lisens.



Lektorstudentar og elevar på vidaregåande sine haldningar til dialekt, tospråklegheit og aksentprega norsk

mangfaldet, og kva haldningar dei gir uttrykk for når dei vert direkte konfronterte med desse tema. Som representant for ein institusjon som driv med utdanning av norsklektorar til skulen, er det også interessant å få kjennskap til kva haldningar studentane våre har til dette. Dei fleste av studentane våre skal sjølv undervisa elevar i norsk og forpliktar seg gjennom læreplanen i norsk til å gje elevane ei opplæring som byggjer på toleranse og språkleg mangfald. I den overordna delen av læreplanen i norsk (Kunnskapsdepartementet, 2019), står det mellom anna:

Gjennom arbeid med faget norsk skal elevane bli trygge språkbrukarar og medvitne om sin eigen språklege og kulturelle identitet innanfor eit inkluderande fellesskap der fleirspråklegheit blir verdsett som ein ressurs.

Det betyr i klartekst at norsklærarane har eit ansvar for å leggja til rette for at alle elevar, uansett kulturell og språkleg bakgrunn, skal kunna finna seg til rette og kjenna seg verdsette både som individ og språkbrukarar. Det inneber også at dei skal hjelpe elevane til å oppdaga og bli medvitne om dette. Når elevane etter 3. klasse på studieforebuande også har som eit kompetansemål at dei skal: «gjere greie for endringar i talespråk i Noreg i dag og reflektere over samanhengar mellom språk, kultur og identitet» er det også forpliktande å koma inn på den språklege variasjonen både innanfor norsk og mellom norsk og andre språk som blir snakka i Noreg (Kunnskapsdepartementet, 2019).

Denne studien vil kartleggia korleis det står til på desse områda blant komande lektorar og elevar i vidaregåande skule. Forskingsspørsmåla denne studien skal prøva å gje svar på, er:

1. Kva haldningar har lektorstudentar og elevar i vidaregåande skule til bruk av dialekt versus standard?
2. Kva haldningar har lektorstudentar og elevar i vidaregåande skule til tospråklege og minoritetsspråklege?
3. Kva haldningar har lektorstudentar og elevar i vidaregåande til det å snakka norsk med utanlandsk aksent?

Føremålet med denne artikkelen er såleis meir å avdekka mønster for korleis haldningane hjå desse to gruppene er, heller enn å forklara årsakene til det me ser.

2. Bakgrunn og tidlegare granskinger knytt til utanlandsk aksent

Lars Anders Kulbrandstad (2007) utførte ei spørjeundersøking hjå lærarstudentar frå seks ulike høgskular der målet var å undersøkja i kva grad dei hadde ei tolerant haldning til språkleg mangfald i Noreg. Han samla inn data frå 318 respondentar og såg at dei som var mest dialektvenlege, også var dei som var mest tolerante til aksentprega norsk. Han har seinare også laga eit oversyn over hovudtema og metodiske tilnærmingar til forsking på språkhaldningar (2015).

I 2017 vart ei noko mindre undersøking, men med ein del tilsvarande spørsmål som i Kulbrandstad si undersøking frå 2007, gjennomført med totalt 62 lektor- og PPU-studentar ved Universitetet i Bergen. Svara herifrå viste at aksepten til utanlandsk aksent låg endå høgare enn hjå Kulbrandstad ti år tidlegare (jf. Anderson 2018).

I 2015 skreiv Ragni Vik Johnsen ei masteroppgåve med tittelen «*Relativt bra norsk. En sosiolinguistisk studie av ungdommers forståelse av og holdninger til norsk med utenlandsk aksent*». Ho hadde her data frå 102 VG3-elevar frå fire ulike skuleklassar i fire bydelar av Oslo. Undersøkinga til Johnsen bygde både på ein lytteforståingstest der elevane skulle få høyra fire lydklipp, og ei vurderingsoppgåve som gjekk på rapporterte haldningar som var knytte til aksentprega norsk. Denne undersøkinga viste at eit fleirtal av elevane var positive både til dialektar og til å snakka norsk med utanlandsk aksent. Det viste seg også å vera ein korrelasjon mellom å ha hatt kontakt med personar som snakka utanlandsk aksent i oppveksten og å vera positiv til aksentprega norsk.

Anne-Lise Frøland (2017) har også skrive masteroppgåve om dette temaet, men i hennar oppgåve var det lærarstudentar som vurderte 9. klassingar med ulike utanlandske aksentar der kurdisk og portugisisk

var representert som lydklipp saman med norsk som førstespråk. Også faktoren lågtpresterande og høgtpresterande elevar var lagt inn som ein variabel her. Resultata hennar synte at lågtpresterande saman med aksent såg ut til å påverka ei negativ oppfatning hjå lærarstudentane.

Unn Røyneland og Bård Uri Jensen (2020) har undersøkt haldningar til bruk av innvandrarnorsk blant elevar på vidaregåande skule både i urbane og rurale område på Austlandet og Vestlandet. Elevane fekk blant anna vera med på ein verbal-guise test som var både auditiv og visuell ved at dei også fekk sjå biletet av andlet. Eitt av dei klaraste resultata deira var at gutar med eit utanlandsliknande andlet (pakistanarar) blei sedde på som meir norske når dei snakka ruralt, dvs. ein varietet som ikkje var frå Oslo.

Ein studie utført av Jonas Yassin Iversen (2021) illustrerte tydeleg korleis eit utval på 13 lærarstudentar, frå to ulike lærarutdanningsinstitusjonar gjennom fire fokusgrupper, oppfatta at opplæringa til elevar med samisk og elevar med somali som morsmål, var ulik. Medan samisk veat sett på som eit språk som høyrer til i norsk skule og bør gje elevane rett til opplæring, vart somali oppfatta som eit framandelement utan dei same rettane (2021: 32).

Det er også gjort studiar av haldningar til aksent i nabolanda våre. I Danmark undersøkte Uffe Ladegaard kva språkhaldningar 139 åttande- og niandeklassingar hadde til språkbrukarar frå etniske minoritettsgrupper og såg at dei som snakka dansk utan utanlandsk aksent, vart tillagt meir positive verdiar enn dei som snakka med utanlandsk aksent.

Marta Kirilova (2006) såg i si undersøking om utanlandsk aksent at når eit utval på 232 unge og eldre danskar i alderen 15 – 76 år vart bedne om å vurdera eit utval aksentprega talemål, var dei utanlandske aksentane som vart mest positivt vurdert, dei som var farga av eit anna germansk språk. Aksentar som dei meinte kom frå andre delar av verda, kom lengre nede på rangeringslista.

I ei svensk doktoravhandling i 2010 avdekte Nikolas Torstensson ved hjelp av ulike case-studiar at svenske studentar vurderte språkbrukarar med utanlandsk aksent ulikt. Han såg blant anna at sjølv dei som oppgav at dei var positive til innvandrarar, var meir positive til vestlege europeiske innvandrarar enn austlege, og at dette i tillegg til den språklege likskapen, også såg ut til å vera kopla til eit meir likt, vestleg verdisyn: «*Swedes from Muslim populations and those associated with religious or national conflicts were the least liked.*» (Torstensson, 2010: 96).

I Sverige har dessutan Sally Boyd og Gunlöö Bredänge (2013) gjort ei undersøking av fem lærarar med svensk lærarutdanning, men med utanlandsk bakgrunn. Ut frå fire eittminutts videosekvensar frå klasserommet har 54 lærarutdannarar og skuleutviklarar vurdert både den pedagogiske ferdigheita og språkferdigheitene til desse lærarane. Språkferdigheitene handla i stor grad om brytninga deira. (jf. Boyd og Bredänge 2013: 442-443). Sjølv om det viste seg å vera vanskeleg ut frå desse korte videosnuttane å vurdera dei pedagogiske ferdigheitene deira, var det eit samsvar mellom dei som vart vurderte til å ha høgst språkferdigheiter, og dei som vart vurderte som mest eigna som lærarar (2013: 445). Også ei kontrollgruppe med elevar frå vidaregåande fekk vurdera det same videomaterialet. Men elevane vart ikkje spurde enkeltvis, men meir som ei samla gruppe som fekk kommentera. Ein utbreidd kommentar, som også kom fram blant skuleleiarane, var at problem utanlandske lærarar opplevde i klassen, skuldast dårlege språkferdigheiter (2013: 449). Det er likevel viktig å vera klar over at denne oppfatninga berre bygde på eit førsteinntrykk.

Ut frå desse studiane med litt ulike perspektiv frå Sverige, Danmark og Noreg, kan det sjå ut til at det å snakka eit nasjonalspråk med innslag av utanlandsk aksent, generelt sett har høgare aksept i Noreg enn i nabolanda våre. I særleg grad ser det ut til at språk som vert oppfatta som meir ukjende i Europa, vert meir negativt oppfatta. Trass ideelle tankar om at alle dialektar og språk er like mykje verdt, og at alle språkbrukarar skal bli behandla med same respekt, viser det seg altså at ulike haldningar er i spel når det gjeld korleis ein vurderer og oppfattar forholdet mellom ulike språk.

3. Haldningar til språk

Haldningar, som er eit omgrep frå sosialpsykologien, vert ofte forsøkt operasjonalisert og definert ut frå ein trekomponentsmodell. Haldningane kjem her typisk til synet anten i form av kjensler (affektivt), meininger (kognitivt) eller gjennom handling (konativt) (jf. Rosenberg og Hovland 1960; Edwards 1982). Alt etter

Lektorstudentar og elevar på vidaregåande sine haldningar til dialekt, tospråklegheit og aksentprega norsk

kva komponent av haldningane ein er mest interessert i å få tak i, er det også vanleg å prova å laga empiriske arbeid som i størst mogeleg grad reindyrkar kvar av komponentane (jf. Kristiansen, 2009; Haugen, 2004).

Språkhaldningar er enkelt forklart haldningar som er knytte til språklege trekk, men der språktrekket likevel slår attende som ein karakteristikk av språkbrukaren. Richard A. Hudson seier dette slik: «*People thus use the speech of others as a clue to non-linguistic information about them, such as their social background and even personality traits like toughness or intelligence.* » (1996: 211).

Det er vanskeleg å seia kor mykje som skal til for at folk registerer og oppfattar språklege skilnader. Stundom kan det vera ein liten fonologisk skilnad, t.d. skarre-r kontra rulle-r. Medan i andre tilfelle kan det vera intonasjonen, altså eit ekstralngvistisk, trekk som gjer utslaget. Når folk ut frå eit språkleg trekk generaliserer og trekker slutningar om korleis ein person skal karakteriserast og oppfattast, kan me snakka om stereotypiar. Slike standardiserte oppfatningar vert spreidde gjennom det samfunnet og kollektivet me er ein del av og blir gjerne ein del av underbevisstheita vår. Såleis kan me også snakka om at haldningar kan vera knytte til ulike bevisstheitsnivå; dei me er medvitne om, og som me gjerne samlar inn gjennom direkte spørsmål og dei me ikkje er medvitne om, som me samlar inn gjennom ein indirekte framgangsmåte (jf. Garrett 2003: 14 – 18).

4. Presentasjon av datamaterialet og metoden

Datamaterialet i denne undersøkinga består av sjølvrappertede haldningar på eit spørjeskjema med 47 påstandar til dialektar, tospråklegheit og det å snakka norsk med utanlandsk aksent, altså ein direkte framgangsmåte som prøver å få tak i dei bevisste språkhaldningane til dei spurde. Me kan såleis hevda at dette hovudsakleg er kopla til ein kognitiv komponent. Dei som deltok, fekk på førehand ikkje noko informasjon om kva undersøkinga skulle gå ut på. Dei blei berre spurde om dei ville delta på ei spørjeundersøking. Dette vart gjort for ikkje å påverka dei i noka retning før undersøkinga. Ingen namn eller personlege opplysningar kan sporast attende til enkeltindivid. For studentane vart spørjeskjemaet delte ut av forskaren på ei tidleg økt i semesteret, medan det for elevane vart gjennomført av dei lærarane elevane hadde i timane. Lærarane fekk på førehand denne meldinga dei skulle seia til elevane:


Ein fagperson ved Universitetet i Bergen har spurt oss om elevane ved x vg. skule kan vera med på ei lita spørjeundersøking ved at de skal ta stilling til ein del påstandar om språk. Leiinga ved skulen har gitt oss klarsignal til at me kan delta. Det finst ingen rette eller galne svar, og det tek berre nokre få minutt å svara. Det er frivillig å delta, og undersøkinga er helt anonym og kan ikkje sporast attende til nokon enkeltperson. Det interessante er å få dykkar spontane og årlege svar. Resultata vil også vera interessante for dykk i form av at me seinare kan få besök frå Universitetet og sjå kva som kom fram i denne undersøkinga.

I alt er dei 308 respondentane fordelt som 138 lektorstudentar¹, inkludert PPU², og 170 elevar frå vidaregåande skule. Studentmaterialet er samla inn over ein periode på fem år med tre ulike årskull, medan elevmaterialet er samla inn på eitt kull ved ein stor vidaregåande skule med rundt 800 elevar. Det vil seia at vel 20 % av elevane ved skulen har delteke. Utvalet er ikkje tilfeldig utvalt når det gjeld studentar, for dei går i eit lærarutdanningsløp og med unntak av dei 17 PPU-studentane på realfag i 2017, har dei alle norsk som fag. Felles for alle studentane er elles at dei er spurde tidleg i semesteret og tidleg i utdanningsløpet sitt før dei har hatt langpraksis³ i skulen.

1 Lektorstudentar i denne undersøkinga er i sitt 3. semester i ei femårig utdanning og har anten tenkt å ta master i nordisk eller ha norsk som sitt andre fag i lektorløpet. Lektorutdanninga ved Universitetet rettar seg primært mot undervisning i ungdomsskule (8. – 10. trinn) og i vidaregåande skule (11. – 13. trinn).

2 PPU-studentane (praktisk, pedagogisk utdanning) er her i sitt første semester på PPU og tek eitt år fagdidaktikk i dei to undervisningsfaga sine og pedagogikk.


3 Langpraksis vil seia at dei har mellom 7 – 8 veker samanhengande praksis i skulen. Før dei kjem så langt, har lektorstudentane berre hatt praksisperiodar på omlag ei veke om gongen, noko som inneber at dei i liten grad har undervist på eiga hand. PPU-studentane har, som del av utdanninga si enno ikkje vore i praksis i det heile.



Figur 1: Fordelinga av respondentar frå dei ulike gruppene.

Elevane er tilfeldige på den måten at undersøkinga er send til ein kontaktperson ved skulen som så har sendt ho vidare til kollegaene sine.

Sidan alle undersøkingane med lektorstudentane vart gjorde på papir med meg til stades under innsamlinga, er alle studentgruppene kjende. Storparten av elevane, 102, stk. går på studiespesialiserande, og dei utgjer såleis 1/3 av respondentane. Elles er elevane fordelt på idrettsfag, 46 stk., yrkesfag, 22 stk, medan 4 stk. ikkje skreiv noko om studieretning. Det er i alt 127 respondentar som oppgjev at dei er menn, og 172 som oppgjev at dei er kvinner, medan 9 stk. svarer anten anna eller har utelate å svara på denne bakgrunnsinformasjonen.




Figur 2: Morsmålet til respondentane.

I det samla materialet er det berre 15 stk. som oppgjev at dei har eit anna førstespråk⁴ enn norsk, og det er berre 21 stk. som oppgjev at dei er tospråklege. Til saman utgjer desse to gruppene 11,9 % av alle respondentane.

⁴ Termane *førstespråk* og *morsmål* vert i denne artikkelen brukte om kvarandre som synonyme omgrep.

Lektorstudentar og elevar på vidaregåande sine haldningar til dialekt, tospråklegheit og aksentprega norsk



Figur 3: Eigenvurdering av korleis dei snakkar norsk.

Det er likevel interessant å sjå at det er 12 stk., 3,9 %, av dei som sjølve vil karakterisera språket sitt som å snakka norsk med utanlandsk aksent.

Med mange deltakrar både blant studentane og elevane og med påstandar som let seg kvantifisera, inviterer datamaterialet til ei kvalitativ handsaming. Respondentane skulle ta stilling til påstandar ved å setja kryss på ein femdelt skala der: 1 = Einig, 2 = Litt einig, 3 = Verken einig eller ueinig, 4 = Litt ueinig, og 5 = Ueinig. Sidan dataa er på ordinalnivå, dvs. at ein ikkje kan rekna med at avstanden mellom kvar vurdering er lik, og me ikkje har kjennskap til om utvalet er normalfordelt, er ikkje-parametrisk testing vald. Dessutan dreiar det seg hovudsakleg om å samanlikna to uavhengige grupper, og difor er testen Wilcoxon-Mann-Whitney brukt. Det er ein test som svarar til t-testen dersom dataa hadde vore normalfordelte. Wilcoxon-Mann-Whitney-testen baserer seg på rangen til observasjonane og gir gjennomsnittsrang, Mean Rank (jf. Laake, 2016: 132 – 135). P-verdien forklarer om resultatet er signifikant eller ei, og Z-verdien fortel om standardavviket.

Spørjeskjemaet som eg fekk tilsendt frå Kulbrandstad, inneheldt i alt 47 påstandar⁵, og desse kan delast inn i dei tre hovudområda: dialekt versus standard, tospråklegheit og minoritetsspråk, og norsk med utanlandsk aksent. Desse områda kan igjen delast inn i fire kategoriar: 1) Det som gjeld for folk i samfunnet generelt, 2) for politikarar på Stortinget, 3) i media som radio og tv og 4) i skulen. Det kunne vore interessant å kartleggja synspunkt frå alle desse tre områda, men sidan dei som skal vurdera anten er i eller skal ut i skulen, har eg her berre valt ut dei 18 påstandane som er knytte til skulen. I mange tilfelle kjem den same påstanden att både med og utan negasjon slik at det vil gje mening å samanlikna kor konsistente respondentane har vore når desse to påstandane vert samanlikna med kvarandre.

⁵ Spørjeskjemaet er omsett til nynorsk av artikkelforfattaren. Studentane fekk utdelt spørjeskjemaet i papirversjon på bokmål, medan elevane fekk det digitalt på nynorsk.

Dialekt – versus standard	Tospråklegheit og minoritetsspråk	Norsk med utanlandsk aksent
I skulen	I skulen	I skulen
5) Lærarar bør snakka standardtalemål når dei underviser	17) Det er viktig at alle elevar lærer om innvandrarar sin måte å snakka norsk på	25) Ein person bør ikkje jobba som lærar for norske elevar dersom han eller ho snakkar norsk med utanlandsk aksent
6) Det blir brukt for mye tid på undervisning om dialektar på skulen	21) Det er unødvendig å undervisa alle elevar om innvandrarar sin måte å snakka norsk på	32) Ein norsklærar bør kunne snakka aksentfri norsk
14) Lærarar bør ikkje snakka dialekt når dei underviser	29) Skulen bør konsentrera seg om å læra innvandrarborna norsk	37) Ein person kan godt jobba som lærar for norske elevar sjølv om han eller ho snakkar norsk med utanlandsk aksent
16) Det er viktig at alle elevar lærer om norske dialektar på skulen	33) Skulen bør bidra til at minoritetsspråklege elevar både lærer norsk og videreutviklar førstespråket sitt	40) Ein person kan godt jobba som norsklærar sjølv om han eller ho snakkar norsk med utanlandsk aksent
23) Det er greitt at lærarar snakkar dialekt når dei underviser	38) Det er gal prioritering å læra elevar frå språklege minoritetar å lesa og skriva på morsmålet sitt	42) Ein lærar for norske elevar bør kunna snakka aksentfri norsk
	43) Det er viktig for innvandrarane å halda på sitt opprinnelege språk samtidig som dei lærer norsk	44) Ein person bør ikke jobba som norsklærar dersom han eller ho snakkar norsk med utanlandsk aksent
	45) Elevar frå språklege minoritetar bør læra å lesa og skriva på morsmålet sitt	

Tabell 1: Dei 18 utvalde påstandane frå spørjeskjemaet.


Det å kartlegge haldninga ved hjelp av eit kvantitativt spørjeskjema har sine veikskapar. For det første kan ein ikkje vera sikker på at dei som skal tolka spørsmåla, oppfattar det same som det du trur du måler. Utan høve til å koma med utfyllande opplysningar, kan ein heller ikkje få meir innsyn i kvifor respondentane har kryssa som dei gjer. Det kan dessutan tenkja at det er ord eller omgrep i skjemaet som dei ikkje forstår. Ei anna viktig feilkjelde når nokon skal rapportera om eigne val og haldningar, er også at dei som svarar, kan ønskja å framstilla seg sjølve i eit godt lys og svarar slik dei trur me forventar av dei. Komande lektorar kan ønskja å visa at dei har ei positiv innstilling til alt som skjer i skulen, og dei er gjerne meir positive enn andre målgrupper nettopp av di det er skulen dei sjølve har valt som framtidig yrkesveg. Samstundes kan dei velja å vera meir etterhaldne nettopp av di dei enno er usikre på korleis yrkeskvardagen vert t.d. når det gjeld mengda av undervisning i eit norskfagleg emne. Elevane derimot treng ikkje tenkja på å framstilla seg sjølve positivt, for sjølv om vidaregåande er noko dei har valt sjølve, har dei utover linjeval ikkje så mange andre val dersom dei vil ta ei utdanning. Dessutan fekk elevane, i motsetnad til studentane, tilgang til eit digitalt spørjeskjema og fekk vita at det var fullstendig anonymt. Dei visste såleis at ingen ville «arrestera» dei om dei uttala seg negativt. Trass i slike innvendingar er denne framgangsmåten likevel vald av di det er ein lettint måte å samla inn mykje data på, samstundes som det opnar opp for å samanlikna noko med t.d. Kulbrandstad si undersøking frå 2007 og Vik si frå 2015. I denne undersøkinga er det ein eventuell skilnad mellom elevar på vidaregåande og komande lektorar som gruppe, som vil bli vektlagd.

Lektorstudentar og elevar på vidaregåande sine haldningar til dialekt, tospråklegheit og aksentprega norsk

5. Resultat

Nedanfor vert alle påstandane frå tabellen ovanfor presenterte både med figurar og i tabellar.

5.1 Lærarar i skulen: dialekt – eller standard?



Figur 4 (venstre): Lærarar bør snakka standardtalemål når dei underviser.

Figur 5 (høgre): Lærarar bør ikkje snakka dialekt når dei underviser.

	Respondentar	N	Mean	Z	P
Påstand 5	Lektorstudentar	138	204,99	-0,859	< 0,001
	Elevar i vg.	170	113,51		
Påstand 14	Lektorstudentar	138	198,41	-9,287	< 0,001
	Elevar i vg.	170	118,86		


Tabell 2: Påstand 5 og 14 etter Wilcoxon-Mann-Whitney-test.

Resultata for påstand 5 (figur 4) viser at ein større del av lektorstudentane enn elevane er ueinige i at lærarar bør snakka standardmål når dei underviser. For påstand 14 (figur 5) er formuleringa omvendt, og me ser at trass i at svara på dei to påstandane i stor grad samsvarar, er elevane litt meir ueinige på påstand 14 i at læraren bør snakka dialekt enn dei var einige i at han på påstand 5 burde snakka standard. Skilnaden mellom lektorstudentane og elevane er for begge påstandane stor nok til at han er signifikant ulik. Hjå lektorstudentane er dei ikkje i tvil om at lærarane kan snakka dialekt når dei underviser.

I påstand 23 får ein eigentleg berre ein kontroll på om respondentane synest det er greitt at lærarar snakkar dialekt.

	Respondentar	N	Mean	Z	P
Påstand 23	Lektorstudentar	138	123,69	-7,055	< 0,001
	Elevar i vg.	169	178,75		


Tabell 3: Påstand 23 etter Wilcoxon-Mann-Whitney-test.



Figur 6: Det er greitt at lærarar snakkar dialekt når dei underviser.

Som me ser av figur 6, er aksepten for at lærarar kan snakka dialekt, høg både hjå lektorstudentane og hjå elevane sjølv om lektorstudentane er klart meir overtydde om dette enn elevane.

Dei to neste påstandane det kan vera interessant å halda opp mot kvarandre, handlar om korleis dei ser på det å undervisa i dialekt på skulen. Det er rimeleg å tenkja seg at elevane her uttalar seg ut frå om dette er eit tema dei likar, eller ikkje, medan lektorstudentane gjerne tenkjer på om det er viktig eller ei.



Figur 7 (venstre): Det blir brukt for mykje tid på undervisning om dialektar på skulen.

Figur 8 (høgre): Det er viktig at alle elevar lærer om norske dialektar på skulen.



	Respondentar	N	Mean	Z	P
Påstand 6	Lektorstudentar	137	197,68	-8,005	< 0,001
	Elevar i vg.	170	118,80		
Påstand 16	Lektorstudentar	138	114,55	-7,506	< 0,001
	Elevar i vg.	170	186,93		

Tabell 4: Påstand 6 og 16 etter Wilcoxon-Mann-Whitney-test.

Det artige med å sjå desse to påstandane opp mot kvarandre, er at ein legg merke til at elevane anten ikkje har teke stilling, eller er samde i at det vert brukt for mykje tid på å læra om dialektar i skulen, men samstundes hevdar dei at det er viktig at dei lærer om det. Fleirtalet av dei komande lektorane ser ikkje ut til at dei vil ta stilling til mengda av undervisning i dette emnet. Dei er derimot veldig klare på at det er eit viktig tema.

Lektorstudentar og elevar på vidaregåande sine haldningar til dialekt, tospråklegheit og aksentprega norsk

5.2 Tospråklegheit og minoritetsspråk i skulesamanheng





Figur 9 (venstre): Det er viktig at alle elevar lærer om innvandrarar sin måte å snakka norsk på.

Figur 10 (høgre): Det er unødvendig å undervisa alle elevar om innvandrarar sin måte å snakka norsk på.

	Respondentar	N	Mean	Z	P
Påstand 17	Lektorstudentar	136	122,44	-5,666	< 0,001
	Elevar i vg.	170	178,35		
Påstand 21	Lektorstudentar	137	182,77	-5,348	< 0,001
	Elevar i vg.	169	129,77		

Tabell 5: Påstand 17 og 21 etter Wilcoxon-Mann-Whitney-test.

Dei to neste påstandane handlar om at elevane, uavhengig av morsmålsbakgrunn, skal læra på skulen noko om innvandrarar sin måte å snakka norsk på. Påstandane er ikkje spesifikke på kva som kjenneteiknar dette, så det må respondentane berre tenkja seg til sjølve. Igjen ser me at mønsteret er ulikt mellom lektorstudentane og elevane. Medan dei komande lektorane hovudsakleg er positive til at alle elevar lærer noko om dette, er elevane meir skeptiske til dette eller ønskjer ikkje å ta stilling til dette. Fleirtalet av elevane svarar verken eller.




Figur 11 (venstre): Skulen bør konsentrera seg om å læra innvandrarborna norsk.

Figur 12 (t.h.): Skulen bør bidra til at minoritetsspråklege elevar både lærer norsk og vidareutviklar førstespråket sitt.

	Respondentar	N	Mean	Z	P
Påstand 29	Lektorstudentar	137	148,68	-0,923	0,356
	Elevar i vg.	169	157,41		
Påstand 33	Lektorstudentar	137	130,65	-4,569	< 0,001
	Elevar i vg.	169	172,03		

Tabell 6: Påstand 29 og 33 etter Wilcoxon-Mann-Whitney-test.

Både lektorstudentar og elevar i vidaregåande ser ut til å vera svært samde om at det er norsk skulen skal prioritera å læra innvandrarborna på skulen. I påstand 29 er det såleis ingen skilnad mellom synet deira på dette, så skilnaden mellom dei er heller ikkje signifikant. Derimot meiner lektorstudentane i mykje høgare grad enn elevane at skulen likevel bør bidra til at elevane også får utvikla førstespråket sitt. På denne påstanden er det mange elevar som rett og slett ikkje tek stilling og svarar verken eller.




Figur 13 (venstre): Det er gal prioritering å læra elevar frå språklege minoritetar å lesa og skriva på morsmålet sitt.
Figur 14 (høgre): Det er viktig for innvandrarane å halda på sitt opprinnelege språk samtidig som dei lærer norsk.

	Respondentar	N	Mean	Z	P
Påstand 38	Lektorstudentar	137	175,62	-4,229	< 0,001
	Elevar i vg.	168	134,55		
Påstand 43	Lektorstudentar	137	131,52	-4,659	< 0,001
	Elevar i vg.	168	170,52		

Tabell 7: Påstand 38 og 43 etter Wilcoxon-Mann-Whitney-test.

Eit stort fleirtal både blant lektorstudentane og elevane i vidaregåande ser for så vidt ut til å meina at språklege minoritetar bør få læra å lesa og skriva på morsmålet sitt, men på påstand 38 er det eit fleirtal av elevane som vel å ikkje ta stilling og svarar verken eller. Sjølv om dei to gruppene ser ut til å ha eit meir samanfallande mønster ved å hevda at det er viktig at innvandrarar får halda på det opphavlege språket sitt samstundes som dei lærer norsk i påstand 43, er det signifikant skilnad mellom dei, og det er lektorstudentane som ser på det som viktigast.



Figur 15: Elevar frå språklege minoritetar bør læra å lesa og skriva på morsmålet sitt.


Lektorstudentar og elevar på vidaregåande sine haldningar til dialekt, tospråklegheit og aksentprega norsk

	Respondentar	N	Mean	Z	P
Påstand 45	Lektorstudentar	137	124,21	-5,481	< 0,001
	Elevar i vg.	168	176,48		

Tabell 8: Påstand 45 etter Wilcoxon-Mann-Whitney-test.

Det er såleis ikkje noko overrasking når det viser seg at respondentane også svarar som dei gjer på den siste påstanden, påstand 45, om at elevar som kjem frå ein språkleg minoritet også bør få læra seg både å lesa og skriva på morsmålet sitt. Elevane har også her den høgaste soyla i midten, noko som kan indikera at dei ikkje har teke stilling til påstanden.

5.3 Lærarar som snakkar med utanlandsk aksent




Figur 16 (venstre): Ein person bør ikkje jobba som lærar for norske elevar dersom han eller ho snakkar norsk med utanlandsk aksent. Figur 17 (høgre): Ein norsklærar bør kunna snakka aksentfri norsk.

	Respondentar	N	Mean	Z	P
Påstand 25	Lektorstudentar	138	182,89	-6,068	< 0,001
	Elevar i vg.	169	130,41		
Påstand 32	Lektorstudentar	137	177,66	-4,507	< 0,001
	Elevar i vg.	169	133,91		

Tabell 9: Påstand 25 og 32 etter Wilcoxon-Mann-Whitney-test.

Verken lektorstudentane eller elevane meiner at det er noko problem om ein lærar snakkar norsk med utanlandsk aksent. Men ein del fleire elevar enn lektorstudentar er litt skeptiske eller har ikkje teke stilling. Fleirtalet av elevane har heller ikkje teke stilling til den neste påstanden som går på om ein person med utanlandsk aksent bør kunna snakka utan aksent. Det er likevel tydeleg at det er flere både lektorstudentar og elevar som vert litt meir skeptiske når påstanden ikkje berre gjeld å vera lærar generelt, men er eksplisitt knytt til norskfaget. Heile 35 elevar er einige eller litt einige i at ein norsklærar bør kunna snakka aksentfri norsk.

Ragnhild Lie Anderson




Figur 18 (venstre): Ein person kan godt jobba som lærar for norske elevar sjølv om han eller ho snakkar norsk med utanlandsk aksent. Figur 19 (høgre): Ein person kan godt jobba som norsklærar sjølv om han eller ho snakkar norsk med utanlandsk aksent.

	Respondentar	N	Mean	Z	P
Påstand 37	Lektorstudentar	137	130,34	-4,864	< 0,001
	Elevar i vg.	168	171,48		
Påstand 40	Lektorstudentar	137	127,90	-4,953	< 0,001
	Elevar i vg.	168	173,47		

Tabell 10: Påstand 37 og 40 etter Wilcoxon-Mann-Whitney-test.

Dei to påstandane over, 37 og 40, viser stort sett det same mønsteret, og også mykje det same mønsteret mellom lektorstudentane og elevane. Gjennomgåande er likevel elevane noko meir restriktive til å ha ein lærar, og i alle fall norsklærar, som snakkar norsk med utanlandsk aksent enn det dei komande lektorane er. Heile 20 elevar seier seg litt ueinige eller ueinige i at ein person med utanlandsk aksent godt kan jobba som norsklærar.




Figur 20 (venstre): Ein lærar for norske elevar bør kunna snakka aksentfri norsk.
Figur 21 (t.h.): Ein person bør ikkje jobba som norsklærar dersom han eller ho snakkar norsk med utanlandsk aksent.

	Respondentar	N	Mean	Z	P
Påstand 42	Lektorstudentar	137	189,55	-6,918	< 0,001
	Elevar i vg.	168	123,19		
Påstand 44	Lektorstudentar	137	182,39	-5,700	< 0,001
	Elevar i vg.	168	129,03		

Tabell 11: Påstand 42 og 44 etter Wilcoxon-Mann-Whitney-test.

Lektorstudentar og elevar på vidaregåande sine haldningar til dialekt, tospråklegheit og aksentprega norsk

Når påstandane vert formulerte litt annleis, meir som eit ønske, for påstand 42 og 44, enn som ei mogelegheit, som me såg for påstand 37 og 40, er det 32 elevar som er einige eller litt einige og meiner ein lærar for norske elevar bør kunna snakka aksentfri norsk. Ein god del fleire elevar enn lektorstudentar er litt skeptiske til eller uttrykkjer at dei ikkje tek stilling til om ein person ikkje bør jobba som norsklærar, påstand 44, dersom han snakkar med utanlandsk aksent. Elevgruppa, veit me ut frå datamaterialet, er litt meir samansett av personar som sjølv har ulike morsmål. Av den grunn kan me også gjera ei litra samanlikning innanfor elevgruppa når det gjeld denne påstanden som går på utanlandsk aksent som norsklærar, dvs. påstand 44.



Figur 22: Ein person bør ikkje jobba som norsklærar dersom han eller ho snakkar norsk med utanlandsk aksent, ut frå eigen norsk.

	Respondentar	N	Mean	Z	P
Påstand 44	standardspråkprega	85	49,56	-0,574	0,566
	norsk med utanlandsk aksent	12	45,00		

Tabell 12: Påstand 44 etter Wilcoxon-Mann-Whitney-test ut frå elevane sitt eige språk.

Talet på respondentar som seier at dei sjølv snakkar norsk med utanlandsk aksent ligg på 12 personar, og dei analysane eg gjør, viser ikkje noko avvikande mønster til dei som oppgjev at dei snakkar standardspråk. Me ser dermed at det ikkje er signifikante skilnader mellom dei to elevgruppene.

6. Diskusjon

6.1 Lektorstudentane og elevane i vidaregåande skule sine haldningar til bruk av dialekt versus standard

Noreg manglar rett og slett eit standardtalemål. Det einaste me har, er ein standardnær uttale av bokmål og nynorsk som vert brukt som rettesnor under nyhendeopplesing i NRK (NRK, 2015). Opplæringslova § 2 – 5 (Kunnskapsdepartementet, 2023) slår dessutan fast at det å snakka dialekt, er det mest naturlege både for elevar og lærarar. Me ser i denne undersøkinga at ein del elevar ser ut til å ønskja at lærarane snakka standardtalemål. Om dette skuldast at dei ikkje alltid forstår kva lærarane seier, veit me ikkje. Elevane skil seg også ut frå lektorstudentane ved å hevda at det blir brukt for mykje tid på å læra om dialektar i skulen, og dei synest heller ikkje at det er så viktig å læra om det som lektorstudentane gjer. Det er ikkje spurt om kor viktig andre undervisningsemne er, men det kunne eigentleg vore interessant å sett om ein hadde fått

ein liknande mønster mellom lektorstudentar og elevar om ein hadde spurt dei om å ta stilling til andre undervisningsemne i norskfaget.

Resultata av denne undersøkinga viser likevel som i undersøkinga til Vik (2015) at eit fleirtal av elevane er positive til dialektar. Hjå Kulbrandstad (2007: 362) viste dei samla funna, av åtte påstandar knytt til dialektvenlegheit, at lærarstudentane på ein skala frå 1 – 5 låg høgt i positivitet med ein gjennomsnittsskåre på 4,4. Desse påstandane var rett nok ikkje berre knytte til skulen, men også til samfunnet generelt, i media og på Stortingets talarstol.

6.2 Lektorstudentane og elevane i vidaregåande skule sine haldningar til tospråklege og minoritetsspråklege

Elevane er også svært tydelege på at det å bruka undervisningstid på å læra om korleis det er å læra norsk for ein innvandrar, ikkje er noko dei vil prioritera så høgt. Lektorstudentane er såleis tydeleg meir positive til dette. For elevkategorien er det rett nok også nokså mange som gjev uttrykk for at dei ikkje har teke stilling når det gjeld kva som er best for innvandrarane eller dei minoritetsspråklege. Lektorstudentane har på undersøkings-tidspunktet enno til gode å ha ein lang praksisperiode i skulen. Når dei er så mykje meir positive enn elevane på dette spørsmålet, kan det både skuldast at desse studentane i utgangspunktet er positive til alle gode intensjonar i skulen, og at dei manglar erfaring (t.d. påstand 38). Både elevane og lektorstudentane er likevel samde om at den viktigaste oppgåva for skulen når det gjeld språkopplæring, er å læra innvandrarane norsk. Men lektorstudentane ser også at det er viktig at denne elevgruppa får læra førstespråket sitt. Den samla haldninga til tospråklegheit og minoritetsspråk i Kulbrandstad si undersøking baserer seg på 10 påstandar og har ein gjennomsnittsskåre på 3,7 (Kulbrandstad 2007: 264).

6.3 Lektorstudentane og elevane i vidaregåande sine haldningar til det å snakka norsk med utanlandsk aksent

Det er elevane som er mest skeptiske til å ha lærarar i den norske skulen som snakk med utanlandsk aksent både reint generelt, men også spesifikt når det er knytt til rolla som norsklærar. Utanlandske elevar ser ikkje ut til å ha noko anna syn på dette enn majoritetsspråklege (jf. figur 22).

Ser ein på elevane på vidaregående aleine, viser også denne undersøkinga, som Vik (2015), at det store fleirtalet av elevane er positive til at lærarar kan snakka norsk med utanlandsk aksent. Hjå Kulbrandstad var det i 32 % av lærarstudentane som anten var heilt einige eller ganske einige i at ein person som snakk norsk med utanlandsk aksent, ikkje burde undervisa i norsk, medan 49 % var heilt eller ganske ueinige i dette (Kulbrandstad 2007: 363). Ei tilsvarande samanlikning med påstand 44 i mitt spørjeskjema, viser derimot at berre 8 % av lektorstudentane er heilt eller litt einige i at ein person ikkje bør jobba som norsklærar dersom han eller ho snakk norsk med utanlandsk aksent, og at heile 87 % er litt eller heilt ueinige i denne påstanden (jf. figur 21). Toleransen for språkleg variasjon også blant dei som skal undervisa i skulen, ser dermed ut til å ha gått kraftig opp. Elevane i vidaregåande er derimot i mi undersøking noko meir skeptiske der vel 14 % er einige eller litt einige i påstanden, medan 60 % er litt eller heilt ueinige (jf. figur 21). To av haldningsspørsmåla hjå Vik (2015: 107) er også relevante å samanlikna med. Me ser hjå henne at 27 % av elevane er heilt eller litt einige i at ein lærar som underviser norske elevar, ikkje bør snakka med utanlandsk aksent. Viss ein dessutan skal vera norsklærar, var det heile 55 % av dei elevane som var litt eller heilt einige i at læraren ikkje bør snakka med utanlandsk aksent. Delar av granskinga til Vik Johansen gjekk også på at elevane skulle vurdera faktiske stemmeopptak slik at elevane kan ha hatt desse røynslene med i tankane då dei svara på spørjeskjemaet. Ei viktig innvending til undersøkinga mi, i motsetnad til hjå Vik, er at respondentane ikkje veit kva språk som fargar den utanlandske aksenten i og med at dei ikkje får høyra nokon lydopptak eller det er sagt noko nærmare om det.

7. Konklusjon

Denne undersøkinga byggjer på komande lektorar og elevar i vidaregåande skule sine sjølvrapporterte haldningar til dialekt, tospråklegheit og minoritetsspråk og utanlandsk aksent i skulen. Resultata viser at både studentane og elevane gjennomgåande er svært opne og positive til alle desse områda, men at lektorstudentane likevel er meir positive enn elevane. Desse bevisste positive haldningane kan vera eit

Lektorstudentar og elevar på vidaregåande sine haldningar til dialekt, tospråklegheit og aksentprega norsk

resultat av at me dei siste åra i større og større grad er blitt vande med at dialekt kan høyrast over alt i samfunnet, som t.d. på skulen, i politikken, i kyrkja og i media. I motsetnad til i grannelanda våre, Danmark og Sverige, der standardspråka dessutan har ein meir føretrekt plass i det offentlege rom, kan dette vera med å forklara den auka positiviteten me ser.

Høg toleranse til tospråklegheit og det å snakka norsk med utanlandsk aksent i skulen kan også vera eit resultat av at ca. 1/5 av dei som bur i landet vårt har ein annan språkleg bakgrunn enn norsk. Toleransen knytt til utanlandsk aksent er endå høgare her enn både i lærarstudentundersøkinga til Kulbrandstad (2007) og i elevundersøkinga til Vik (2015). Når noko blir vanleg, blir det etter ei stund gjerne også meir normalt. Det at språkleg mangfold meir og meir er blitt det normale, er også gledeleg i høve til det arbeidet som vert lagt ned i skulen for å rusta elevane våre til å bli språkleg tolerante medborgarar i eit meir og meir fleirspråkleg samfunn. For å kunna gå djupare inn i nokre av påstandane kunne det likevel ha vore interessant med fokussamtalar med studentar og elevar. Det får i så fall verta tema for ei seinare undersøking.

Referansar

- Anderson, Ragnhild Lie. 2018. Kan lærarar snakka norsk med utanlandsk aksent? I: *Språkprat*. Jul 6. <https://sprakprat.no/2018/07/06/kan-laerarar-snakka-norsk-med-utanlandsk-aksent/>
- Bludd, Ellen Kathrine. 2022. Å være tospråklig kan beskytte hjernen din mot aldring» I: *Forskning.no*. Mars 29. <https://www.forskning.no/aldring-biologi-hjernen/a-vaere-tospraklig-kan-beskytte-hjernen-din-mot-aldring/1998577>
- Boyd, Sally og Gunlög Bredänge. 2013. Attityder til brytning – exemplet utländsk lärare i svenska skolor. I: Hyltenstam, Kenneth og Inger Lindberg (red.): *Svenska som andraspråk – i forskning, undervisning och samhälle*. Kap. 15: 437 – 457. Lund: Studentlitteratur.
- Edwards, John R. 1982. Language attitudes and their implications among English speakers. I: Giles, Howard og Ellen Bouchard Ryen (red.). *Attitudes towards Language Variation. Social and Applied Contexts*: 20 – 33. London: Edward Arnold.
- Frøland, Anne-Lise. 2017. *Toleranse for språklig mangfold i norsk skole. En sosiolinguistisk studie av lærerstudenters holdninger til elever med aksentpreget norsk*. Trondheim, NTNU: Masteravhandling i nordisk språkvitenskap Institutt for språk og litteratur. <http://hdl.handle.net/11250/2454528>
- Garrett, Peter, Nikolas Coupland og Angie Williams. 2003. *Investigating Language Attitudes. Social Meanings of Dialect, Ethnicity and Performance*. Cardiff: University of Wales Press.
- Guttermoen, Arne. 2016. Tuller verken med dialekt eller evangelium. I: *Vårt Land*. Des. 26. <https://www.vl.no/kultur/2016/12/26/tuller-verken-med-dialekt-eller-evangelium/>
- Haugen, Ragnhild. 2004. *Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal*. Bergen: Nordisk institutt. Doktoravhandling. <https://hdl.handle.net/1956/2423>
- Hudson, Richard A. 1996. *Sociolinguistics*. London: Cambridge University Press. 2. utgåve.
- Iversen, Jonas Yassin. 2021. Samisk og somali i norsk skule: Ei undersøking av språkideologiar blant lærarstudentar. I: *Nordand* nr. 1-2021: 21 – 35. <https://doi.org/10.18261/issn.2535-3381-2021-01-02>
- Johnsen, Ragni Vik. 2015. «Relativt bra norsk» En sosiolinguistisk studie av ungdommers forståelse av og holdninger til norsk med utenlandsk aksent. Oslo: Masteroppgåve. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-51047>
- Kirilova, Marta, 2006. Han er en fra Amager, men også lidt fra Afrika, b. 40: holdninger til accent: en empirisk basert undersøgelse af indfødte danskeres holdninger til dansk sprog med forskellige accenter. I: *Københavnerstudier i tosprøgethed*, bind 40, s. 1 – 104.
- Kristiansen, Tore. 2009. The macro-level social meanings of late-modern Danish accents. I: *Acta Linguistica Hafniensis* 41: 167 – 192. <https://doi.org/10.1080/03740460903364219>

Ragnhild Lie Anderson

- Kulbrandstad, Lars Anders. 2007. Lærerstuderter og språklig variasjon – En holdningsundersøkelse. I: *Nordic Studies in Education*. Vol. 27 (04): 357 – 372. <https://doi.org/10.18261/ISSN1891-5949-2007-04-04>
- Kulbrandstad, Lars Anders. 2015. Språkholdninger. I: *NOA norsk som andrespråk*. Årgang 30 1-2/2015, s. 247 – 283. <https://ojs.novus.no/index.php/NOA/article/view/1190/1180>
- Kunnskapsdepartementet. 2017. *Overordna delverdiar og prinsipp for grunnopplæringa*. Fastsett som forskrift ved kongeleg resolusjon. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.
- Kunnskapsdepartementet. 2019. Læreplan i norsk (NOR1-06). Fastsett som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.
- Kunnskapsdepartementet. 2023. *Opplæringslova*. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_2
- Ladegaard, Uffe. 2002. *Sprog, holdning og etnisk identitet: En undersøgelse af holdninger overfor sproghugere med udenlandsk accent*. Syddansk Universitetsforlag.
- Laake, Petter. 2016. *Innføring i SPSS*. Oslo: Blindern.
- Norsk Riksringkasting. 2015. *Dialektrokt i NRK*.
- Rosenberg, Milton J og Carl I. Hovland. 1960. *Attitude Organization and Change. An Analysis of Consistency among Attitude Components*. New Haven: Yale University Press.
- Røyneland, Unn og Bård Uri Jensen. 2020. Dialect acquisition and migration in Norway – questions of authenticity, belonging and legitimacy. I: *Journal of Multilingual and Multicultural Development*. <https://doi.org/10.1080/01434632.2020.1722679>
- Statistisk Sentralbyrå. 2023. *Innvandrere og norskfødte med innvanderforeldre*. 23. mars. 2023. <https://www.ssb.no/befolking/innvandrere/statistikk/innvandrere-og-norskfodte-med-innvanderforeldre>
- Torstensson, Nikolas. 2010. *Judging the Immigrant: Accents and Attitudes*. Umeå: Umeå University, department of Language Studies. Doktoravhandling.
- Vulchanova, Mila; Åfarli, Tor A; Asbjørnsen, Maria; Vulchanova, Valentin. 2015. Flerspråklighet i Norge: en eksperimentell språkprosesseringstudie. I: *Rom for språk*: 147 – 172. Oslo: Novus.